

Fine resultat på regattabanen i år

Havna vår



Den fine havna vår er gull verdt! Den er for det første utgangspunktet for all vår seileaktivitet, enten det gjelder tur- eller regattaseiling, og fungerer utmerket til begge deler. Her finner båtene lun havn gjennom mesteparten av året, og selv når høst- og vinterstormene setter inn er det stort sett levelige forhold her.

Dernest er havna foreningens viktigste inntektskilde. Andre inntekter, som sponsorinntekter og annen støtte,

regattainntekter, eller leieinntekter på klubbhuset, varierer mer og er mer usikre. Mens inntektene fra havna, sammen med medlemskontingenten, er et stabilt inntektsgrunnlag. Havna er så godt som fullt belagt, og noen ledige plasser er leid ut for vinteren.

Og siden havna er gull verdt, må vi ta godt vare på den. Vi har nylig gjennomført vedlikehold og foretatt forsterkninger på alle bryggene. Der det var nødvendig har vi skiftet kjettinger og bolter i sammenføyningene mellom bryggene. I løpet av oktober-november skal det også legges ut fire nye lodd på C-bryggen.

Vi har også fått skiftet de råtnete bordene på jollekaiene, slik at jolleanlegget skal være i god stand til neste sesong. Alt i alt mener jeg at vi nå har en trygg havn og at vi skal være godt rustet for vinteren.

Takk til alle som villig møter opp til dugnad når noe må gjøres i havneanlegget. Jeg synes jeg har merket en positiv trend i så måte, ved at mange stiller opp og tar et tak når det trengs.

Arne Pettersen, havnesjef

Det er på tide å oppsummere regattasesongen. Alt kan sjølvsagt ikke nemnst her, men nokre smakebiter på korleis Askøy Seilforening sine medlemmar har gjort det gjennom sesongen kan vera på sin plass.

AV HARALD GJØSÆTER • Optimistseglaren vår Daniel Hjort representerte Askøy Seilforening i junior nordisk mesterskap i Båstad i Sverige 1.-4. august. Han hamna noko nede på lista, men hadde sikkert ei flott oppleving i det store feltet med dyktige seglarar.

YNGLING. Kombinert EM og NM i Yngling gjekk føre seg i Horten 7.-9. september. Her deltok heile fire båtar frå Askøy; med Chris Skogen, Linn Løvvedt Kirkeli, Jan Rune Hopland og Ole Bjelland ved roret. Førstnemnde, saman med mannskapet sitt Torbjørn Halvorsen og Anne Raangs gjorde det best av våre, og kom på andre plass i NM. Dei hine måtte ta til takke med meir smålatne plasseringar mellom 18. og 23. plass. Nederlendarane gjorde reint bord i EM og la beslag på dei tre første plassane, og beste norske båt kom på 6. plass. Men «Team Guffen» var altså nest best av dei norske og kom på 7. plass. Ikkje dårleg i det selskapet!

SEILSPORTSLIGAEN. Askøy sitt lag i seil sportsligaen rykte opp frå 1. divisjon til eliteserien i år, og måtte altså kjempe mot dei 14 andre beste laga i Noreg. Dei kom frå det heile med ein heiderleg 8. plass etter dei fire stemna.

Lagleiar i år har vore Stian Soltvedt, og mannskapet, som har veksla litt frå stemne til stemne, har i år bestått av Thomas Hunstad, Gordon Wright, Erlend Handegard, Nils Olav Handegard, Torstein Hellebust og Tina Kutti. Åttandeplassen betyr at Askøy får segla i elitedivisjonen også til neste år. Flott innsats!

MELGES. Askøy sine Melges-24-seglarar har også i år gjort det skarpt. Java Cup har i

år bestått av fem akter, der Askøy stod som arrangør for første og siste akt. I det første stemnet gjekk Jens Altern Wathne med mannskap av med sigeren, og Karl Petter Haugen med mannskap kom på andre plass. Askøy la også beslag på 4., 6., og 7. passen.

Også i siste akt, som gjekk føre seg 22.-23. september, stakk Jens Altern Wathne av med sigeren. Her var det fire Askøy-båtar med.

I norgesmeisterskapen i Kristiansand 8.-10. juni deltok to båtar frå Askøy, med rormenn Jens Altern Wathne og Carl Edvard Jansen. Førstnemnde gjorde det best, og kom på ein 9. plass i eit felt på 40 båtar.

HJELTEFJORDTRIMMEN. Serien vart noko amputert i haust, då to seglasar måtte avlysast på grunn av meir enn stiv kuling, og ein på grunn av den tragiske ulukka der ein seglar frå RAN omkom. Det var difor ikkje alle båtane som fekk tilstrekkeleg mange teljande seglasar. Askøybåtane gjorde det likevel bra.

Gordon Wright/Gry Hunstad i «Shiraz» vann minste klassen, medan «Båtenvår» med Anne-Gurine Folgerø Gjosæter ved roret kom på tredje plass. Torbjørn Halvorsens «Himlaleite» vann største klassen framfor to RAN-båtar. I fleirskrogklassen vann Askøybåten «Odonata» ein heller lett siger, sidan Bengt Åge Borge var einaste deltakar i den klassen.

LOKALT. I dei store regattaene i distriktet no på haustparten har også Askøybåtane hevda seg bra. Under Askøy Rundt var det totalt 51 båtar påmeldt, og som vanleg var nesten halvparten av dei frå Askøy. Det vart siger til askøybåtar i fleire av klassane; Svein Andre Hol med «Ollie» vann den største NOR Rating-klassen, medan Audun Midtveit i «Stormen» vann den minste.

I Bergen Singlehanded 8. september deltok fire Askøybåtar i NOR Rating, og Frode Tveranger i «Caluna» gjorde det best med ein 5. plass i minste klassen. Trond Berntsen og Harald Gjosæter kom på henholdsvis 8. og 10. plass i same klassen. I mellomste klassen fekk Frank Nyheim med «Carolina av Alvøen II» ein 13. plass.



HARALD GJØSÆTER



HARALD GJØSÆTER

STORD: Regattasesongen fikk en fin avslutning med UK Sailmakers Windjammer Race, der blant annet Askøy-båtene «Obelix» (øverst) og «Himlaleite» (nederst) deltok.

Høststormseilassen 15.-16. september levde opp til namnet sitt i år, og berre to av dei ti startande kom til mål. Ingen av desse var frå Askøy.

Under UK Sailmakers Windjammer Race på Stord 8. oktober var det også tre Askøybåtar med, og dei oppnådde gode resultat: «Gleden» tok ein andreplass i den minste klassen, og «Himlaleite» 2. og «Obelix» 10. plass i den største. Ein flott avslutning på sesongen.

RANKING. Ingen Askøyseglarar er etter denne sesongen høgt oppe på SEILmagasinets shorthandedranking, som byggjer på resultatata i shorthandedsegling dei fire siste åra.

Beste plasseringa har Harald Gjosæter på 114. plass. På lista over årets shorthandedseglar 2018 ligg Frode Tveranger Haugland best av askøyseglarane med sin 101. plass. Askøys to ivrigaste kvinnelege shorthandedseglarar har gjort det relativt sett mykje betre. Åse Espeseth er med sin 167. plass nummer 6, og Anne-Gurine Folgerø Gjosæter med sin 255. plass, nummer 12 på lista over kvinnelege seglarar.



HARALD GJØSÆTER

ASKØY RUNDT: «Ollie» vant den største NOR Rating-klassen.

NYTT FRA ASKØY SEILFORENING • ASKØY-SEILFORENING.NO

